

SAK 29/15 SØKNAD OM TILSKOT, HÅTT HALLING

Saksopplysing

I søknad dat. 20.4.2015 (vedlegg 1) søker Buskerud Mållag om kr. 200.000 i støtte til det treårige prosjektet Hått Halling. Målsetjinga er å:

- skapa og utvikle større bevisstheit om språket som ein del av hallingidentiteten
- gjera barn og ungdom interesserte i og nysgjerrige på norsk språk i skrift og tale, medverke til større medvet om språkval (dialekt/«bokmål» og nynorsk/bokmål) og til større språkleg sjølvtiltillit (munnleg og skriftleg)
- få flest mogeleg til å bruke/halde på hallingmålet i barnehage og skule
- skapa positive haldningar til dialekt og nynorsk blant barn/ungdom/foreldre
- få flest mogeleg til å velja nynorsk som opplæringsmål frå 1. klasse i skulen
- førebyggje at barn og ungdom skiftar ut nynorsk med bokmål i skulelopet
- hjelpe kommunane med å auke kompetanse og kunnskap hjå tilsette i barnehage og skule for å nå desse måla.

Sjå også vedlagt prosjektplan, vedlegg 2.

Tidsramme for prosjektet er 1.august 2013 – 1.august 2016

Hått Halling har som hovudmål å skapa og utvikle større bevisstheit om språket som ein del av hallingkulturen og hallingidentiteten.

Vedlegg 3, prosjektplan Hått Halling, språkleg mangfald med dialekt og nynorsk i Hallingdal
Vedlegg 4 gjev eit oversyn av aktivitetar gjennomført i perioden 1.sept 2013 til 30.des 2014.

Hått Halling har ein samla prosjektkostnad på kr. 910.000 med slikt forslag til finansiering:

– Eigne midlar	kr. 300.000
– Tilskot frå Noregs Mållag og andre nynorskinstitusjonar	kr. 200.000
– Tilskot frå regionrådet for Hallingdal og hallingdalskommunane	kr. 260.000
– Stiftingar, private fond og private, regionale støttepartar	<u>kr. 150.000</u>
– Sum	<u>kr. 910.000</u>

Vurdering

Det er viktig å presisere at dette fyrst og fremst er eit dialektprosjekt som har som hovudmål å skapa og utvikle større bevisstheit om språket, som ein del av hallingkulturen og hallingidentiteten.

Hått Halling har utan tvil vore synlege og aktive noko aktivitetsplan (vedlegg 4) syner. I både Strategisk plan for Hallingdal og Hallingdal 2020 er hallingidentitet/hallingkultur peika på som konkurransefortrinn.

Det blir i søknad sagt at «*det må vera ei naturleg sak for Regionrådet å gje økonomisk stønad til prosjektet Hått Halling, desto meir som prosjektet tek tak i sider ved visjonane for Hallingdal 2020. Kommunane har begrensa midlar, og det ville vera urimeleg å overlate mest heile rekninga til Buskerud Mållag og nynorskinstitusjonane. Buskerud Mållag har førebels dekt alle kostnader med å gjennomføre eit program som kunne dokumentere at prosjektet har gjennomføringskraft og evne til å omsetje prosjektmåla i praksis. No må tilskot frå andre interessentar dekkje resten av prosjektperioden. I så måte viser me til vedlagde prosjektplan med budsjett og finansiering. Mot denne bakgrunnen søker me Regionrådet for Hallingdal om eit tilskot på 200 000 kroner.»*

Etter dagleg leiar sitt syn kan Hått Halling vise til gjennomføringsevne og resultat, der mange av aktivitetane støttar Regionrådet for Hallingdal sin målsettingar. Hått Halling har snart gjennomført 2/3 av prosjektpersonalen og det kan stillast spørsmål ved om det er rett å gje tilskot på dette tidspunktet. Ut frå innhald og vurdering av kva Hått Halling skal gjennomføre av tiltak fram til 1.august 2016 meiner dagleg leiar at det må kunne gjevast tilskot.

Forslag til vedtak

1. Regionrådet for Hallingdal rår til at det blir løyvd kr. 100.000 til prosjektet Hått Halling og at tilskotet blir finansiert av partnarskapsavtala med Buskerud fylkeskommune for 2015.

Vedlegg:

1. Søknad dat. 20.4.2015, Buskerud Mållag
2. Prosjektplan
3. Aktivitetsoversyn 2013/2014

Regionrådet for Hallingdal,
v/dagleg leiar Knut Arne Gurigard,
Torpomoen,
3579 Torpo

Søknad om støtte til prosjektet Hått Halling

Sia me starta opp arbeidet med det som utvikla seg til **prosjektet HÅTT HALLING**, har me hatt sporadisk kontakt med Regionrådet. No er me komne så langt at me sender søknad om tilskott til dette treårige prosjektet. Når me ikkje har gjort det før, er det også grunnar for det. M.a. ville me koma eit steg vidare i å avgrense og prioritere kva område me skulle arbeide med, prøve oss fram med arbeidsmåtar og utvikle kontakten med oppvekstsektorane i kommunane. Slik kunne me ha noko konkret å vise til, ikkje berre vise til at me *wil*, men også at me *kan*.

Hallingidentitet og hallingkultur

Strategiplanen for Hallingdal nemner at i ein konkurransesituasjon må regionar dyrke det unike, og "hallingidentitet" og "hallingkultur" er nemnt som eitt av konkurransefortrinna. Dette er heilt i tråd med måten me tenkjer på. Hått Halling har som hovudmål å skapa og utvikle større bevisstheit om språket som nettopp ein del av hallingkulturen og hallingidentiteten.

Halling som talemål har me felles i Hallingdal. Når det gjeld administrasjonsspråk og skulemål veit me kommunane har ulike val. Dette mangfaldet rokkar ikkje ved at både dialekt og nynorsk har vore og er viktige byggesteinar i hallingkulturen.

Om dei språklege særdraga ved Hallingdal blir viska ut, vil det få djuptgåande verknader på mange område. Ein region som manglar kulturelt rotfeste er t.d. meir sårbar for utflytting. Ein region som gjev signal om sjølvstilling og sær preg, står sterkare på alle område. Språket er ein udiskutabel del av dette, men dessverre lite påakta. I offentlege plandokument er desse problemstellingane stort sett fråverande. Hått Halling har sett dei på sakskartet.

Ei utsett randsone

Hallingdal ligg i ei randsone som er særleg utsett, og særleg utsette er barn og ungdom. Prosjektet har difor funne det rett å prioritere desse, spesielt gjennom barnehagen og skulen. Som vedlagde aktivitetsoversyn viser, skjer det i nært samarbeid med kommunane. Mykje av det Hått Halling legg opp til, er tiltak som oppvekstsektorane i kommunane gjerne kunne ha teke seg av, men deira tid og ressursar strekk ikkje til. Hått Halling utviklar og administrerer tiltaka, gjer avtalar, samordnar med kommunane – og dekkjer kostnadene.

Hått Halling vil halde fram med arbeidet sitt i same lei. Nærast no ligg ein fem dagars dialektleir for ungar i sommar, utgjeving av ei songbok for barn bygd på hallingdalstradisjonen (dialekt) og eit språkstimuleringsprosjekt.

Dette viser etter vårt syn at det må vera ei naturleg sak for Regionrådet å gje økonomisk stønad til prosjektet Hått Halling, desto meir som prosjektet tek tak i sider ved visjonane for Hallingdal 2020. Kommunane har begrensa midlar, og det ville vera urimeleg å overlate mest heile rekninga til Buskerud Mållag og nynorskinstitusjonane. Buskerud Mållag har førebels dekt alle kostnader med å gjennomføre eit program som kunne dokumentere at prosjektet har gjennomføringskraft og evne til å omsetje prosjektmåla i praksis. No må tilskot frå andre interessentar dekkje resten av prosjektperioden. I så måte viser me til vedlagde prosjektplan med budsjett og finansiering.

Mot denne bakgrunnen søker me Regionrådet for Hallingdal om eit tilskot på 200 000 kroner.

Hemsedal 20.4. 2015

For styret i Buskerud Mållag

Kjell Snerte
leiar

Torsetsida, 3560 Hemsedal
k.snerte@online.no tlf 904 75 930
bankkonto til BM 2320 20 48994
kasserar: Tor Bergum, tlf 917 86 834
hallingsvall@buskmaal.net

Vedlegg:
Prosjektplan
Aktivitetsoversyn 2013/2014
Rekneskap Hått Halling 2013/2014

Prosjektet Hått Halling

Språkleg mangfold med dialekt og nynorsk i Hallingdal

Prosjektplan

Målsetjing:

- skapa og utvikle større bevisstheit om språket som ein del av hallingidentiteten
- gjera barn og ungdom interesserte i og nysgjerrige på norsk språk i skrift og tale, medverke til større medvet om språkval (dialekt/«bokmål» og nynorsk/bokmål) og til større språkleg sjølvtiltillit (munnleg og skriftleg)
- få flest mogeleg til å bruke/halde på hallingmålet i barnehage og skule
- skapa positive haldningar til dialekt og nynorsk blant barn/ungdom/foreldre
- få flest mogeleg til å velja nynorsk som opplæringsmål frå 1. klasse i skulen
- førebyggje at barn og ungdom skiftar ut nynorsk med bokmål i skuleløpet
- hjelpe kommunane med å auke kompetanse og kunnskap hjå tilsette i barnehage og skule for å nå desse måla.

Målgrupper

- ungar i barnehagen
- elevar i Barneskulen og ungdomsskulen
- oppvekstetaten i kommuneadministrasjonane
- politiske organ som har med barnehage og skule å gjere
- barnehagestyrarar, førskulelærarar og andre tilsette i barnehagen
- rektorar og lærarar i Barneskule og ungdomsskule
- foreldre til barn i barnehage, Barneskule og ungdomsskule

Kommentar til målgruppene: Med dei avgrensa midlane prosjektet rår over når det gjeld pengar og tidbruk for prosjektleiarene, skal denne frå starten prioritere barnehagen, mellomtrinnet i grunnskulen (6.-7. klasse - før elevane sjølv kan velja hovudmål) og 10. klasse (før dei skal byrje i vidaregåande). Prosjektleiarene skal leggje avgjerande vekt på å styrkje motivasjon, haldningar, innsikt og kunnskap hjå lærarane og førskulelærarane på dei felta prosjektet omfattar, i samarbeid med skuleadministrasjonane.

Tidsramme

1. august 2013 – 1. august 2016

Avgrensing

For dialektarbeidet omfattar prosjektet alle kommunane i Hallingdal. For skriftmålsarbeidet siktar prosjektet seg spesielt inn mot kommunar som har nynorsk - Gol, Hemsedal, Ål og Hol..

Organisering

Prosjekteigar og økonomisk ansvarleg er Buskerud Mållag. Styret i BM v/styreleiar har arbeidsgjevaransvaret for prosjektleiarene. Prosjektlearen arbeider sjølvstendig i samsvar med mål og prioriteringar i prosjektplanen. Til rådvelde har prosjektlearen ei ressursgruppe. Denne skal vera samansett av pedagogiske fagfolk og personar med særleg innsikt i tilhøva for nynorsk- og dialektbrukarane.

Nødvendige ressursar

- Prosjektleiar i 20-30 pst stilling i tre år
- Faglege ressursgrupper for prosjektlearen
- Aktiv deltaking frå styret i Buskerud Mållag og styra i lokallaga i Hallingdal
- Eit tiltaksbudsjett på ca 100 000 kroner årleg (kurs, konferansar, utvikling av program og tiltak for å realisere prosjektmåla, innleige av fagfolk/forfattarar/artistar, kjøp av tilfang som barnebøker o.a.)

Samarbeidspartnarar

- Kommunane
- Regionrådet i Hallingdal
- Biblioteka i Hallingdal
- Hallingdølen
- Den kulturelle skulesekken
- Den kulturelle beremeisen
- Kulturskulane
- Noregs Mållag
- Nynorsksenteret
- Det Norske Samlaget
- Norsk Barneblad

Evaluering

- Ved prosjektslutt skal det gjennomførast ei grundig evaluering med tanke på vidare tiltak for å nå målsetjingane, og for å leggje til rette erfearingsmateriale som andre randsoneområde kan dra nytte av.

Budsjett

Treårsbudsjett:

Løn, sosiale kostnader	kr 480 000
Reisekostnader	40 000
IT-kostnader, porto	15 000
Kostnader vedk. Ressursgruppa	25 000
Tiltaksmidlar	350 000
Sum kostnader for tre år	kr 910 000

Finansiering:

Eigne midlar	kr 300 000
Tilskot frå Noregs Mållag og andre nynorskinstitusjonar	200 000
Tilskot frå regionrådet for Hallingdal og hallingdalskommunane	260 000
Stiftingar, private fond og private, regionale støttepartar	150 000
Sum	kr 910 000

Bakgrunn for prosjektet

Hallingdal ligg i ei randsone der både dialekten og nynorsken blir utsette for eit svært stort press som trugar det språklege mangfaldet i dalen. Særleg gjeld dette barn og ungdom. Mange som har slik bakgrunn at dei «naturleg» burde bruke dialekten sin, legg denne bort til fordel for eit austlandsprega bokmål. I kommunar der nynorsk lenge har vore det dominerande skulemålet, er det stadig færre som brukar nynorsk. Denne utviklinga har gått sin gang utan at ho er problematisert.

I siste språkmeldinga (2008-2009) skriv stortingskomiteen: «I dag må nynorsk og bokmål oppfattast som uttrykk for eit kulturelt mangfold som det ville vera eit stort tap for Noreg som kulturnasjon å gje avkall på. Både praktisk og økonomisk må det leggjast til rette for at nynorsken kan tryggja og styrkja posisjonen sin som eit levande bruksspråk så vel som eit likeverdig offisielt skriftspråk ved sida av bokmål.»

Prosjektet vil i samarbeid med kommunane hjelpe til med å realisere denne nasjonale målsetjinga på lokalt plan, og då reknar me med både talemålet og skriftmålet som delar av det språklege mangfaldet.

Buskerud Mållag er klar over at språkval og språkutvikling hjå barn og ungdom også i stor grad er påverka av det språket og dei språklege haldningane dei møter *utanom* barnehagen og skulen. Det hadde difor vore ynskjeleg at prosjektleiarene også kunne arbeide for nynorsk og dialekt i det offentlege rommet, men dette kan denne i liten grad fordi tid og ressursar ikkje strekk til. Buskerud Mållag og lokallaga i Hallingdal ser det som si oppgåve å stø opp under prosjektet ved å aktivisere seg sterkare på dette området.

Hått Halling-aktivitetar

frå 1. sept 2013 til 30.des 2014

Stevtevling

Kvifor: Kvesse språksans og stimulere til dialektbruk gjennom den klassiske stevtradisjonen.

Korleis: Demovideo om stev med **Arne Moslåtten** på Facebook, utlysing og redaksjonell omtale i Hallingdølen.

Invitere: Alle

Deltakrar: Me fekk inn over 100 stev på halling og nynorsk frå folk i alderen 15-80 år. Fast heilside i Hallingdølen i 12 veker.

Språkåret 2013

Kvifor: Feire språkåret, ved å gje folk kvalitetsunderhaldning på halling og nynorsk.

Korleis: Heilaften i Hallingdal Feriepark med Rockabilly-bandet **Twang Gang** på nynorsk, bokbad med komlebokforfattar **Kjartan B Bjånesøy**, poesiframføring m/**Terje Tørrisplass** og språkkåseri med **Per Inge Torkelsen**. Kåring av stevvinnarar og framføring av stev med **Arne Moslåtten** og **Gunnlaug Lien Myhr**.

Invitere: Alle

Deltakrar: Kring 100 gjester frå heile dalen.

Heilt Halling-verkstad

Kvifor: Gjere hallingkulturen synleg på det årlege og internasjonale arrangementet Barnas Verdensdagar på Gol

Korleis: **Ingrid Marie Lien Rust** og **Marianne Øynebråten** lærte bort tradisjonelle hallingsongar-og dansar i seks song- og danseverkstader a 30 min. Verkstadene var dekorert med klede og gjenstandar frå Hallingdal.

Invitere: Alle

Deltakrar: Ungar frå 4 år og oppover

Dialektseminar x 3

Kvifor: Inspirere barnehagetilsette til å sjå på dialektarbeid som ein ressurs i barnehagekvardagen.

Korleis: **Jorunn Borge Knaldre** (Rotneim barnehage) forankra dialektarbeid i barnehagane sin rammeplan, oppsummerte ståa i eigen kommune og gav tips om spennande dialektaktivitetar. **Hallgrim Berg** om hallingdialekta. **Margit Myhr** lærte bort eit mangslungent utval av tradisjonsrike hallingsongar, hallingsongleikar og dansar. **Anne Marit Grøndalen** (Leira barnehage) om dialektverktøy, utfordringane og vegen vidare.

Invitere: Alle barnehagetilsette i heile Hallingdal (via einingsleiarane)

Deltakrar: 120 barnehagetilsette frå alle kommunane i Hallingdal deltok på tre ulike halvdagsseminar (eitt på Ål, og to på Gol) i august og oktober 2014.

Nynorsk lesestund x 74

Kvifor: La ungane møte nynorsk på sine premiss, og gje dei barnehagetilsette inspirasjon og tips til å nytte meir nynorsk i kvardagen.

Korleis: 7 dagars lesestundturne med barnebokforfattar **Erna Osland** i september og desember. Totalt 74

ulike leseøkter i 26 barnehagar. Utdeling av ei Osland-bok og ei Per Gjetar-bok til alle barnehagane, munnleg informasjon om Hått Halling og utdeling av NM-materiell til tilsette og foreldre.

Inviterte: Alle barnehagetilsette i heile Hallingdal (via einingsleiarane)

Deltakrarar: Alle barnehageungar i heile Hallingdal er besøkt (også i bokmålskommunane). Totalt er 673 ungar blitt lesne for.

Ivar Aasen-foredrag

Kvifor: Gje grunnskuletilsette nynorskspirasjon og fagleg påfyll

Korleis: Ope føredrag med språkforskar **Kristin Fridtun** i storesalen i Ål kulturhus.

Inviterte: Alle lærarar i Ål, men ope også for andre

Deltakrarar: 90 lærarar frå barne – og ungdomsskulane i Ål deltok, pluss om lag 40 andre interesserte.

Nynorskkurs x 2

Kvifor: Friske opp nynorskkunnskap hjå offentlege tilsette som jobbar med barn, og å knuse dei vanlegaste nynorskmytene.

Korleis: Tre timars kurs med språkforskar **Kristin Fridtun**

Inviterte: Alle tilsette i nynorskkommunane som jobbar med barn

Deltakrarar: Eitt kurs for grunnskulelærarar i Hemsedal, og eitt kurs for barnehagetilsette i Hemsedal

Inspirasjonsføredrag x 2

Kvifor: Knuse dei vanlegaste nynorskmytene blant ungdom på vgs, og få dei til å tenkje gjennom eige val av hovudmål.

Korleis: Eit klokketimelangt føredrag med språkforskar **Kristin Fridtun**

Inviterte: Alle grunnskuler og vidaregåande skuler i nynorskkommunane fekk tilbodet

Deltakrarar: To føredrag for to ulike klassar og læraren deira på Gol vgs. Elevar nådd: ca 35.

Litteraturseminar

Kvifor: Gjere folkebibliotekarane, småskule- og barnehagetilsette merksame på tilfanget i nynorsk barnelitteratur og korleis ein kan nytte bøkene som lesarar og forteljarar, samt å rekruttere kommunar til prosjektet Nynorske Lesefrø.

Korleis: To timars kveldsseminar i Ål bibliotek. **Erna Osland** om leseglede, språk og det å skrive for barn.

Janne Karin Støylen frå Nynorskcenteret om utvalet av kvalitetslitteratur og prosjektet Nynorske Lesefrø, eit eit pilotprosjekt der nynorskcenteret ynskjer samarbeid med folkebibliotek/kommunar for å auke bruken av nynorsk kvalitetslitteratur.

Inviterte: Alle bibliotek- småskule - og barnehagetilsette i Hallingdal fekk invitasjon

Deltakrarar: 30 deltakrarar. Ein kommune signaliserte tydeleg ynskje om å delta i Nynorske Lesefrø, og dette blir fulgt opp.

Avis

Kvifor: Spreie kunnskap om halling og nynorsk med ulik innfallsvinkel og på ulike nivå for hallingar flest - men med særskilt fokus på barnehagetilsette, lærarar, foreldre og næringsliv.

Korleis: 24 siders avis, kun eigeprodusert stoff. Fulldistribusjon til heile Hallingdal. Utdeling av klassesett med framlegg til studieoppgåver til skulene.

Deltakrarar: ca 9000 lesarar

Deltaking i media

Kvifor: Halde merkevara Hått Halling varm, og nå "folk flest"

Korleis: Eigen **facebook-side** med regelmessige oppdateringar. Alt frå stevtevlinga, lesarbrev, info om HH-arrangement osb ligg der, saman med hallinguttrykk-og ord og diverse NM-info. Den siste tida har me lagt ut ein teksta video kvar dag, der Margit Myhr og Magnhild Storøygard syng barnesongar frå Hallingdal. Meint som ressurs for føresette og barnehagetilsette, for også å kunne *høyre* melodiane til songane. Me har også etablert eigen **You Tube-kanal** for dei same videoane, og denne er under oppbygging. Prosjektet har også vore aktiv på **lesarbrev-og kronikkplass** i Hallingdølen, og fått mykje **redaksjonell omtale** både i lokalavisa og i andre media som Norsk Tiden, NRK Buskerud, Dag og Tid, Framtida osb.

Deltakrarar: Facebook-sida har 1085 følgjarar til no.